Framlegg til beretning frå kontrollutvalet i Ørsta Idrettsråd

Beretning for 2025

Kontrollutvalet i Ørsta Idrettsråd har i perioden etter årsmøtet 2025 gjennomført sitt arbeid i samsvar med lov for idrettsråd og vedtektene til Ørsta Idrettsråd.

Samansetjing

Kontrollutvalet har i perioden hatt følgjande samansetjing:

***Leiar**: Gunnar Knutsen*

***Medlem:** Rita Myking*

***Varamedlem:** Bente Ørsal*

Arbeid og oppgåver

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den økonomiske forvaltninga og sjå til at verksemda vert driven i samsvar med gjeldande lover, vedtekter og vedtak fatta av årsmøtet.

Kontrollutvalet har mellom anna:

- gått gjennom styreprotokollar og relevante dokument
- kontrollert rekneskap og budsjettoppfølging
- vurdert den økonomiske styringa i idrettsrådet
- sett på om vedtak frå årsmøtet og styret er følgde opp
- hatt dialog med styret ved behov

Rekneskap og økonomi

Kontrollutvalet har gått gjennom årsrekneskapen for 2025, inkludert resultatrekneskap, balanse og notar.

På bakgrunn av gjennomgangen meiner kontrollutvalet at rekneskapen gjev eit rettvisande bilete av den økonomiske situasjonen til Ørsta Idrettsråd per 31.12.2025.

Kontrollutvalet har ikkje avdekt vesentlege avvik eller forhold som gir grunnlag for merknad

Vurdering av styret sitt arbeid

Kontrollutvalet opplever at styret har hatt få fysiske møter for å ivareta oppgåvene til Ørsta Idrettsråd, men følgt opp vedtak fatta av årsmøtet. Kontrollutvalet ynskjer i framtida at styret har fleire fysiske møter og at det fyl referat frå desse møta.

Samarbeidet mellom styret og kontrollutvalet har vore tilfredsstillande.

Tilråding

Kontrollutvalet tilrår at årsmøtet:

- godkjenner årsrekneskapen for 2025
- tek beretninga frå kontrollutvalet til orientering
- gir styret ansvarsfritak for perioden

Ørsta, 16.05.2026

Gunnar Knutsen Leiar i kontrollutvalet

Rita Myking Medlem i kontrollutvalet

Bente Alise Ørsal Vara kontrollutvet